

Referat frå FAU møte tysdag 30/1-24

Desse møtte: Irene Sanden (SFO), Anita Einen (4. klasse), Gunn Marit Fossedal (7. klasse), Marlén Trovåg (3. og 6. klasse), Renate Njøtøy (10. klasse) og Mari Eide (8. klasse).

Ikkje møtte: Gro Helen Frøyen (5. klasse) og Silje Alvheim Hop (9. klasse).

Referent: Mari Eide

Sak 1: Samarbeid mellom skulehelsetenesta og FAU

Helsesjukepleiar Hilde Marit Trovåg stilte på møtet for å informere om ønska samarbeid mellom skulehelsetenesta og FAU. Dette er på bakgrunn av at FAU er ein del av skulen. Hilde Marit informerer om samarbeid som skulehelsetenesta har i dag: møte med leiing og pedagogisk personale, delectek på skulen sine plandagar, trefftid i skulen for elevar og tilsette, foreldre kan kontakte helsesjukepleiar for eventuelle spørsmål, deltaking på elevrådsmøte, foreldremøte, samt FAU og SFO møte ved ynskje.

Hilde Marit informerer om plan for førebyggjande arbeid: styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging, betre tilpassa hjelp, rettssikkerhet til barn og familiar, meir effektiv ressursbruk og oppgåveløysing i barnevernet. Planen for det forebyggjande arbeidet skal innehalde ei skildring av overordna mål og strategiar for det heilskaplege tenestetilbodet.

FAU informerer Hilde Marit om at det bør vere lavterksel for at skulehelsetenesta kan inviterast inn til foreldremøte på skulen. Det er noko som kan vere aktuelt ved utfordringar i enkelte klassar.

FAU ynskjer eit samarbeid med skulehelsetenesta. Det vert lagt fram forslag å ta det inn i årshjulet at skulehelsetenesta deltek minimum 1 gong i året på møte med FAU.

Sak 2: Evaluering av juletefest

Det er komen mange gode tilbakemeldingar på at det var ein kjekk juletefest. Eit svært vellykka arrangement. 123 born og vaksne deltok. Det var vellykka å invitere til at folk kunne ta med seg eit bidrag til kakebordet. Det blei mykje godt på kakebordet.

Forslag til neste juletefest:

- Fleire ringar rundt juletreet og julesongar med ferre vers. Ein person i kvar ring som styrar gangen rundt juletreet.
- Eit tilbod til allergikarar. Må merkast godt. FAU kan for eksempel stille med dette.

Sak 3: Møte om oppvekstplan for Solund kommune – informasjon frå Marlén

Leiar for oppvekst og kultur, Øystein Bolset Strand, inviterte FAU til møte om oppvekstplan for Solund kommune. Møtet vart haldt måndag 08.01.24 der Marlén Trovåg representerte FAU.

Innleiing til møtet: *Solund kommune skal vedta ein ny oppvekstplan i løpet av våren. Planen er laga med utgangspunkt i ein ny paragraf i barnevernslova, som pålegg alle kommunar å ha ein plan for førebyggjande arbeid. HAFS-kommunane har saman utarbeidd eit framlegg til ein plan, som skal tilpassast til den enkelte kommunen. I samband med dette ønskjer vi å invitere foreldrerepresentantane i barnehage og skule til å delta på eit møte, måndag 08.01.24 kl 12.00-14.00 på møterommet til Solund kommune. På møtet vert det informasjon om planarbeidet og ei drøfting om det vidare arbeidet med planen.*

Marlén informerer om at kommunen har fått tildelt 1 million i midlar til hjelpemiddel. Det vart lagt fram på møtet at det er eit ynskje å løyse ting kommunalt. Det trekkast fram viktigheta av samarbeid mellom barnehage, skule, skulehelsetenesta og foreldre. I planen vert det blant anna lagt vekt på tverrfagleg samarbeid og ein samarbeidsstruktur. Det skal gjerast ei vurdering av betre tverrfagleg innsats (BIT) der tverrfagleg samarbeid skal organiserast etter ein trinnmodell.

Sak 3: Godtgjerse til 10. klasse for arbeidet med juletreffesten

10. klasse stilte med revyinnslag og quiz på juletreffesten, samt vaska og rydda etterpå. FAU er samde om at 10. klasse skal få kr 3000,- i godtgjerse.

Sak 4: Støtte til 10. klasse i forbindelse med klasseset

10. klasse har søkt om støtte til klasseset. FAU er samde om å støtte dei med kr 500,- per elev.

Sak 5: Informasjon frå møte med Gunnlaug

Anita og Mari informerer om møte med Gunnlaug (rektor) torsdag 25.01.24. Saker som blei gjennomgått på møtet var:

- Utemiljø/inspeksjon
 - Skulen planlegg å ha ein pedagogisk arena i friminutta der det vert satt opp nye inspeksjonsroller etter vinterferien. Elevane vil merke at dei vaksne involverer seg i aktivitetane i friminutta der dei vaksne vil ha ulike roller. Dette er idear for korleis å gjere friminutta betre for elevane. TL-ane vil ikkje miste si rolle.
- Elevatferd
 - Det er ei utfordring med fysisk atferd mot elevar og lærarar, samt stygt språk. Det vert haldt foreldremøte vedrørande den enkelte elev. Skulen opplever at foreldre og skulen er på same nivå, men at det fell tilbake. Skulen kartlegger atferden og har rutine for å registrere anmerkning. Andre tiltak er timeout, samt vaksne som er i beredskap til å kunne prate og vere tett på. Personalet jobbar med kompetanseheving, samt verktøy for korleis å kartlegge.
 - FAU foreslår å ta kontakt med andre skular for å høyre korleis dei handterer slik elevatferd. Har dei funne løysingar som fungerer bra?
- Mellombels skule og riving av ungdomsskulen
 - Gunnlaug informerer om at dei har opplevd lite støy frå rivinga av skulen. På den mellombelse skulen er det kome tilbakemelding om at det er varmt og godt.
- Plan for vold i nære relasjonar skal reviderast - kva gjer skule og barnehage dersom dei har mistanke om vold i nære relasjonar.
- Delbart med politiet 28. februar: Det er for elevar og foreldre på ungdomsskulen. Det vert foredrag for elevane i skuletid og møte med foreldra på kvelden.
- Heimeside: FAU har etterlyst heimesida til skulen. Ny heimeside for skulen skal kome på Solund kommune si nettside. Ansvarleg for heimesida har hittil ikkje hatt kapasitet til å oppdatere denne.
- Offentleg ordensreglement: nye reglement i opplæringslova skal inn i ordensreglementet. SMU kjem til å revidere denne. I forbindelse med dette vil blant anna Visma flyt oppdaterast i forbindelse med ordning for anmerkning.